

Fra: fmhopostmottak@fylkesmannen.no
Sendt: 17. januar 2017 11:21
Til: Firmapost-Vest
Kopi: Meland kommune
Emne: Oppstartsmelding - Meland - Gnr 25 bnr 170 m fl - Fosse - Moldekleiv - Fv 245 - Detaljregulering

Vi viser til brev av 16.06.17 og varsel om oppstart av planarbeid for detaljregulering fv. 245 Fosse - Moldekleiv, gnr. 25 bnr. 170 m.fl. Planen skal leggje til rette for utbetring av delar av fv. 245, og etablering av gang- og sykkeltilbod på strekninga Fosse - Moldekleiv. Framlegget til plan vil og streve etter oppstramming og utbetring av avkøyrsløse og kryss langs heile strekninga og oppgradering av kollektivhaldeplassar. I tillegg vil ein i planarbeidet vurdere behov for anleggsbelte langs fylkesvegen, deponi for ubrukbare massar og mellombels riggområde i naudsynt grad. Planområdet er på ca. 700 dekar.

Fylkesmannen legg til grunn at kommunen gjer ei grundig vurdering av om planarbeidet er i samsvar med overordna plan. Er planforslaget ikkje i samsvar med arealdelen av kommuneplanen, må kommunen vurdere planarbeidet etter forskrift om konsekvensutgreiing av planar. Fylkesmannen minner om at statlege planretningslinjer skal leggjast til grunn ved planlegging etter plan- og bygningslova (pbl) § 6-2 andre ledd. Fylkesmannen ser ikkje at meldinga om oppstart er i strid med nasjonale føresetnader og forventningar til arealpolitikken. Fylkesmannen vil likevel kome med følgjande innspel til meldinga om oppstart:

ROS-analyse

Kommunane skal fremje samfunnstryggleik i planlegginga si, jf. pbl § 3-1 bokstav h. Pbl § 4-3 set difor krav om utarbeiding av ROS-analyse i alle plansaker, samt krav til handtering av risiko i plan. ROS-analysen skal vise risiko og sårbarheit som har verknad for spørsmålet om arealet er eigna til utbygging, og eventuelle endringar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging.

Teknisk forskrift (TEK10) definerer kva som er akseptabel risiko for flaum og skred. Akseptkriteria for anna type risiko må definerast av kommunen. Fylkesmannen legg til grunn at akseptkriteria må vera minst like strenge som for flaum og skred. Alle risikohøve skal merkast på plankartet med omsynssone. Krav til risikoreduserande tiltak skal gå fram av planføre-segnene.

Landbruk

Vern av jordressursane er ein føresetnad for å nå målsetjingar om mattryggleik og auka matproduksjon. Den nasjonale jordvernstrategien har som mål at det årleg skal omdisponerast mindre enn 4000 dekar dyrka jord i Noreg fram mot 2020. Kommunane har eit klart ansvar for at det nasjonale jordvernålet vert nådd. Vi viser elles til nasjonale forventningar til kommunal og regional planlegging der det går fram at kommunane bør trekke langsiktige grenser mellom by- og tettstadsområde og store samanhengande LNF-område. I følge markslagkart AR5 er det klassifisert både overflate dyrka og fulldyrka areal langs strekninga. Det må den vidare planlegginga takast omsyn til desse landbruksareala.

Naturmangfald

Vi minner om at dei konsekvensane reguleringsplanen har for endra arealbruk skal vurderast etter

naturmangfaldlova. Det må kome tydeleg fram i planarbeidet, jf. naturmangfaldlova §§ 7 til 12.

mvh

Jan Vidar Voster
Kommunal- og samfunnsplanavdelinga
Fylkesmannen i Hordaland